



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

6030 Finansregnskap med konsern (7,5 stp)

**Oppgaven gjelder også for kandidater som avlegger ny / utsatt prøve i
5004 Finansregnskap med konsern.**

25.05.2011

Tid: 4 timer
Målform: Bokmål / Nynorsk
Sidetal: 11 inkl. forside og vedlegg

Hjelpemiddel: Norges lover, særtrykk av lover eller lovsamling, Skattelovsamling (Jarøy eller Gjems-Onstad). Revisors håndbok, kopier av Norske Regnskapsstandarder. Rentetabell. Egen kalkulator (med tomt minne).
Vedlegg: Løsningsark som kan brukes til oppgave 1 (2 eks.)
Husk å påføre kandidatnummer ved innlevering..

Eksamensresultata blir offentliggjort på Studentweb.



Avdeling for allmennvitenskaplige fag.

Bokmål

Generelt

Hvor det foretas vurderinger i forhold til bestemmelser i regnskapslov eller NRS, skal det gis referanse til aktuell bestemmelse. Det bør også refereres til aktuelle unntaksbestemmelser, der disse er vurdert, selv om de ikke kommer til anvendelse.

OPPGAVE 1. (40 %)

Mor AS kjøpte den 01.01.2010 80 % av aksjene i Datter AS for 10.000.

Balansetall for virksomhetene var pr 01.01.2010:

	Mor AS	Datter AS
Eiendeler		
Anleggsmidler		
Aksjer i Datter AS	10 000	0
Tomter	2 000	1 000
Bygninger	16 000	7 500
Andre varige driftsmidler	4 000	3 000
Omløpsmidler		
Varelager	2 500	2 000
Aksjer	500	400
Andre omløpsmidler	1 500	1 100
Sum eiendeler	36 500	15 000
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital		
Aksjekapital	8 000	2 000
Annen egenkapital	10 000	6 500
Langsiktig gjeld		
Utsatt skatt	1 500	500
Pantelån	14 500	4 500
Kortsiktig gjeld		
Diverse kortsiktig gjeld	2 500	1 500
Sum egenkapital og gjeld	36 500	15 000

Ved fastsettelsen av kjøpesummen ble det lagt til grunn avvik mellom bokført verdi og virkelig verdi på følgende eiendeler i balansen til Datter AS:

- Merverdi i Tomter 500

- Merverdi i Bygninger 800
- Merverdi i Andre varige driftsmidler 400
- Merverdi i Varelager 700
- Merverdi i Aksjer (omløpsmidler) 200

Det skal utarbeides en mer-/mindreverdianalyse på konsernetableringstidspunktet. Ved beregningen skal en se bort fra skattemessig effekt knyttet til merverdier i aksjer. For øvrig skal skatt beregnes etter en sats på 28 %.

- 1) Sett opp analysen i henhold til God regnskapsskikk der Goodwill behandles etter "eiersynet" (kun med majoritetens andel).

Selskapet er pålagt å utarbeide konsernregnskap for 2010. Vi får opplyst følgende forhold som kan ha betydning for konsolideringen:

- a. Ved utgangen av 2010 er gjenvinnbart beløp for tomter i Datter AS vurdert til 1.600.
 - b. Bygninger tilhørende Datter AS avskrives lineært i selskapsregnskapet. Gjenværende avskrivningsperiode pr 01.01.2010 var 22 år. Gjenvinnbart beløp for bygningene er vurdert til 8.500 ved utgangen av 2010.
 - c. Andre varige driftsmidler i Datter AS avskrives over gjenværende periode på 7 år. Det er ikke grunnlag for nedskrivning.
 - d. Goodwill skal balanseføres etter "eiersynet" og avskrives lineært over 5 år.
 - e. Varelager i datter AS pr 01.01.2010 er solgt ut av konsernet i løpet av året.
 - f. Datter AS har ikke solgt eller kjøpt aksjer i løpet av året. Aksjene er ikke børsnoterte. Virkelig verdi pr 31.12.2010 er estimert til 450.
 - g. I 2010 har Datter AS solgt varer til Mor AS for i alt 1.500. Datter AS hadde kjøpt varene inn for 1.200. Alle varene er solgt videre ut av konsernet for 1.700.
 - h. I 2010 har Mor AS solgt et vareparti til Datter AS for 500. Mor AS hadde kjøpt varene inn for 400. Datter AS har solgt 60 % av varene videre ut av konsernet for 500. Resten av varene er balanseført som lager hos Datter AS til anskaffelsesverdi. Virkelig verdi på dette varelageret er estimert til 300.
 - i. Datter AS kjøpte den 01.09.2010 en maskin fra Mor AS for 1.200 vurdert til markedspris. Denne maskinen hadde Mor AS kjøpt for 1.500, og avskrevet lineært med 10 % pr år, slik at balanseført verdi pr 01.01.2010 var 1.200. Datter AS har i sitt selskapsregnskap for 2010 avskrevet maskinen lineært basert på en gjenværende levetid på 6 år.
 - j. I selskapsregnskapene for 2010 har Mor AS et årsoverskudd på 2.000, og Datter AS et årsoverskudd på 1.500.
 - k. Ingen av selskapene har avsatt utbytte for 2010.
1. Foreta elimineringer som danner grunnlag for utarbeidelse av konsernregnskapet med klar henvisning til hvilke regnskapslinjer i resultatregnskap og balanse som blir berørte. Ved eliminering av urealisert intern fortjeneste skal elimineringen henføres til kjøpende selskap. Vedlagt løsningsark kan benyttes.
 - 2) Ta utgangspunkt i årsresultatene fra selskapsregnskapene og elimineringsene under spm. 2), og beregn konsernets årsresultat før og etter minoritetsinteresser.
 - 3) Beregn Minoritetsinteressene i konsernregnskapets balanse pr 31.12.2010.

OPPGAVE 2. (20 %)

I denne oppgaven skal en se bort fra skatt og merverdiavgift.

Vegbygg AS, som utarbeider regnskap etter regnskapslovens ordinære regler, har inngått kontrakt om opparbeiding av en veg. Kontraktsummen utgjør 40 MNOK. Byggeperioden er fra 01.11.2009 til 31.10.2011.

Ved kontraktsinngåelsen er samla kontraktskostnader estimert til 36 MNOK.

I 2009 påløp det 3,5 MNOK i kontraktskostnader. På grunn av usikkerhet ved prosjektets inntjening blei kontrakten bokført uten fortjeneste. Det var fakturert og mottatt 4 MNOK.

1. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2009.

I 2010 påløp det ytterligere 19 MNOK i kontraktskostnader. Pr 31.12.2010 foreligger et nytt estimat på totale prosjektkostnader på 39 MNOK. I løpet av 2010 er det fakturert og mottatt 20 MNOK.

2. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2010.

I 2011 avsluttes prosjektet og resterende kontraktsum blir fakturert. På grunn av forsinkelse trekker oppdragsgiver fra 0,2 MNOK i dagbøter. Det påløper 16,4 MNOK i prosjektkostnader i 2011.

3. Foreta nødvendige beregninger, og vis hvordan kontrakten påvirker selskapets resultatregnskap og balanse for 2011.

OPPGAVE 3. (20 %)

I denne oppgaven skal en se bort fra skatt og merverdiavgift.

Et selskap inngår en avtale om leie av en bil med et bilfirma. Avtalen går ut på at det betales en forskuddsleie på 80.000, og deretter en månedlig leie på 4.000 pr måned i 3 år.

Avtalen trer i kraft 01.11.2010, og forskuddsleien betales samme dag sammen med leien for november. Leien for desember betales 02.12.2010, og leien for januar 2011 betales 27.12.2010.

Selskapet har bokført i alt 92.000 på konto for leie av transportmidler i følge foreløpig regnskap.

1. Hvordan skal leieavtalen behandles regnskapsmessig for 2010 dersom den regnskapsføres etter reglene for operasjonelle leieavtaler?
2. Redgjør generelt for den regnskapsmessige behandlingen av finansielle leieavtaler.

OPPGAVE 4. (20 %)

Et handelsselskap, som ble stiftet i mai 2010, selger fire ulike varegrupper. Det er ikke påvist ukurans i lageret. Ved verdsettelsen pr 31.12.2010 ønsker daglig leder å tilordne anskaffelseskost slik:

- Varegruppe 1: LIFO-metoden (last-in-first-out).
- Varegruppe 2: FIFO-metoden (first-in-first-out).
- Varegruppe 3: Gjennomsnittlig kostpris.
- Varegruppe 4: Individuell kostpris pr vare.

Han mener varegruppe 4 er den eneste hvor det er praktisk mulig å tilordne varene individuelt, og at de foreslåtte metodene gir best tilnærming for de øvrige gruppene.

Lagersjefen er enig med daglig leder i hans betraktninger, men han mener imidlertid at selskapet må velge samme metode for alle fire varegruppene, og viser til regnskapsloven § 4-4. Han foreslår derfor FIFO-metoden for hele lageret.

1) Hva er din sakkyndige uttalelse til saken?

Det blir videre opplyst at alle varer i varegruppe 2 er kjøpt fra en og samme leverandør. I januar 2011 blei det gjennomført reforhandling av innkjøpsavtalen, og resultatet blei at vårt selskap fikk en utvidet rabatt på 5 %. Det blei avtalt at den utvidede rabatten skulle få virkning på alle kjøp foretatt etter 01.10.2010. Rabatt for allerede kjøpte varer blei kreditert og utbetalt i slutten av januar 2011.

Den nye avtalen gjelder fram til 31.12.2011, og skal reforhandles innen utløpet av året.

Daglig leder mener at ekstrarabatten som gjelder varer kjøpt i 2010 må inntektsføres som annen driftsinntekt i regnskapet for 2010 i henhold til opptjeningsprinsippet.

- 2) Hva er din sakkyndige uttalelse om regnskapsmessig behandling av rabatten knyttet til varekjøpet i 2010?
- 3) Hvordan påvirker den nye rabattavtalen verdsettelsen av varelageret pr 31.12.2010?

Nynorsk

Generelt

Der det blir gjort vurderingar i høve til føresegner i rekneskapslov eller NRS, skal det visast til aktuell regel. Det bør også visast til aktuelle unntaksreglar, der desse er vurdert, sjølv om dei ikkje blir bruka.

OPPGÅVE 1. (40 %)

Mor AS kjøpte den 01.01.2010 80 % av aksjane i Datter AS for 10.000.

Balansetal for verksemdene var pr 01.01.2010:

	Mor AS	Datter AS
Eigendelar		
Anleggsmidlar		
Aksjar i Datter AS	10 000	0
Tomter	2 000	1 000
Bygningar	16 000	7 500
Andre varige driftsmidlar	4 000	3 000
Omløpsmidlar		
Varelager	2 500	2 000
Aksjar	500	400
Andre omløpsmidlar	1 500	1 100
Sum eigendelar	36 500	15 000
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital		
Aksjekapital	8 000	2 000
Annen eigenkapital	10 000	6 500
Langsiktig gjeld		
Utsatt skatt	1 500	500
Pantelån	14 500	4 500
Kortsiktig gjeld		
Diverse kortsiktig gjeld	2 500	1 500
Sum eigenkapital og gjeld	36 500	15 000

Ved fastsettinga av kjøpesummen ble det lagt til grunn forskjell mellom bokført verdi og verkelig verdi på følgjande eigendelar i balansen til Datter AS:

- Meirverdi i Tomter 500

- Meirverdi i Bygningar 800
- Meirverdi i Andre varige driftsmidlar 400
- Meirverdi i Varelager 700
- Meirverdi i Aksjar (omløpsmidlar) 200

Det skal utarbeidast ei meir-/mindreverdianalyse på konsernetableringstidspunktet. Ved berekninga skal ein sjå bort frå skattemessig effekt knytt til meirverdiar i aksjar. Elles skal skatt bereknast etter ein sats på 28 %.

- 1) Sett opp analysa etter God rekneskapskikk der Goodwill blir handsama etter "eigarsynet" (bare med majoriteten sin del).

Selskapet er pålagt å utarbeide konsernrekneskap for 2010. Vi får opplyst følgjande forhold som kan ha noko å seia for konsolideringa:

- a. Ved utgangen av 2010 er gjenvinnbart beløp for tomter i Datter AS vurdert til 1.600.
 - b. Bygningar som tilhører Datter AS blir avskrive lineært i selskapsrekneskapet. Resterande avskrivingsperiode pr 01.01.2010 var 22 år. Gjenvinnbart beløp for bygningane er vurdert til 8.500 ved utgangen av 2010.
 - c. Andre varige driftsmidlar i Datter AS blir avskrive over resterande periode på 7 år. Det er ikkje grunnlag for nedskrivning.
 - d. Goodwill skal balanseførast etter "eigarsynet" og avskrivast lineært over 5 år.
 - e. Varelager i Datter AS pr 01.01.2010 er seld ut av konsernet i løpet av året.
 - f. Datter AS har ikkje seld eller kjøpt aksjar i løpet av året. Aksjane er ikkje børsnoterte. Verkelig verdi pr 31.12.2010 er estimert til 450.
 - g. I 2010 har Datter AS seld varer til Mor AS for i alt 1.500. Datter AS hadde kjøpt varene inn for 1.200. Alle varene er seld vidare ut av konsernet for 1.700.
 - h. I 2010 har Mor AS seld eit vareparti til Datter AS for 500. Mor AS hadde kjøpt varene inn for 400. Datter AS har seld 60 % av varene vidare ut av konsernet for 500. Resten av varene er balanseført som lager hos Datter AS til kostpris. Verkelig verdi på dette varelageret er estimert til 300.
 - i. Datter AS kjøpte den 01.09.2010 ei maskin frå Mor AS for 1.200 vurdert til marknadspris. Denne maskina hadde Mor AS kjøpt for 1.500, og avskreve lineært med 10 % pr år, slik at balanseført verdi pr 01.01.2010 var 1.200. Datter AS har i sitt selskapsrekneskap for 2010 avskreve maskina lineært ut frå ei resterande levetid på 6 år.
 - j. I selskapsrekneskapa for 2010 har Mor AS eit årsoverskott på 2.000, og Datter AS eit årsoverskott på 1.500.
 - k. Ingen av selskapa har avsett til utbytte for 2010.
1. Foreta elimineringar som dannar grunnlag for utarbeiding av konsernrekneskapet med klar referanse til kva rekneskapslinjer i resultatrekneskap og balanse som blir påverka. Ved eliminering av urealisert intern fortjeneste skal elimineringa tilordnast kjøpande selskap. Vedlagt løysingsark kan brukast.
 - 2) Ta utgangspunkt i årsresultata frå selskapsrekneskapa og elimineringane under spm. 2), og berekn konsernets årsresultat før og etter minoritetsinteresser.
 - 3) Berekn Minoritetsinteressene i konsernrekneskapets balanse pr 31.12.2010.

OPPGÅVE 2. (20 %)

I denne oppgåva skal ein sjå bort frå skatt og meirverdiavgift.

Vegbygg AS, som utarbeider rekneskap etter rekneskapslovens ordinære regler, har inngått kontrakt om opparbeiding av en veg. Kontraktsummen er 40 MNOK. Byggeperioden er frå 01.11.2009 til 31.10.2011.

Ved kontraktsinngåinga er samla kontraktskostnader estimert til 36 MNOK.

I 2009 påløp det 3,5 MNOK i kontraktskostnader. På grunn av usikkerheit ved prosjektets inntening blei kontrakten bokført utan fortjeneste. Det var fakturert og mottatt 4 MNOK.

1. Foreta nødvendige berekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2009.

I 2010 påløp det ytterligere 19 MNOK i kontraktskostnader. Pr 31.12.2010 ligg det føre eit nytt estimat på totale prosjektkostnader på 39 MNOK. I løpet av 2010 er det fakturert og mottatt 20 MNOK.

2. Foreta nødvendige berekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2010.

I 2011 avsluttes prosjektet og resterande kontraktsum blir fakturert. På grunn av forseinking trekker oppdragsgjevar frå 0,2 MNOK i dagsbøter. Det påløper 16,4 MNOK i prosjektkostnader i 2011.

3. Foreta nødvendige berekningar, og vis korleis kontrakten påverkar selskapets resultatrekneskap og balanse for 2011.

OPPGÅVE 3. (20 %)

I denne oppgåva skal ein sjå bort frå skatt og meirverdiavgift.

Eit selskap inngår ei avtale om leige av ein bil med eit bilfirma. Avtala går ut på at det blir betala ei forskotsleige på 80.000, og deretter en månedlig leige på 4.000 pr måned i 3 år.

Avtala trer i kraft 01.11.2010, og forskotsleiga blir betala same dag saman med leiga for november. Leiga for desember blir betalt 02.12.2010, og leiga for januar 2011 blir betalt 27.12.2010.

Selskapet har bokført i alt 92.000 på konto for leige av transportmidlar i følgje foreløpig rekneskap.

1. Korleis skal leigeavtala handsamast i rekneskapet for 2010 dersom den blir rekneskapsført etter reglane for operasjonelle leigeavtaler?
2. Gjer greie for den rekneskapsmessige handsaminga av finansielle leigeavtaler.

OPPGÅVE 4. (20 %)

Eit handelsselskap, som blei stifta i mai 2010, seljer fire ulike varegrupper. Det er ikkje påvist ukurans i lageret. Ved verdsettinga pr 31.12.2010 ønskjer daglig leiar å tilordne kostpris slik:

- Varegruppe 1: LIFO-metoden (last-in-first-out).
- Varegruppe 2: FIFO-metoden (first-in-first-out).
- Varegruppe 3: Gjennomsnittlig kostpris.
- Varegruppe 4: Individuell kostpris pr vare.

Han meiner varegruppe 4 er den einaste der det er praktisk mogeleg å tilordne varene individuelt, og at dei metodane som er foreslått, gir best tilnærming for dei andre gruppene.

Lagersjefen er einig med daglig leder i hans betraktningar, men han meiner at selskapet må velje same metode for alle fire varegruppene, og viser til rekneskapslova § 4-4. Han foreslår derfor FIFO-metoden for heile lageret.

- 1) Kva er din sakkyndige kommentar til saken?

Det blir vidare opplyst at alle varer i varegruppe 2 er kjøpt frå ein og same leverandør. I januar 2011 blei det gjennomført reforhandling av innkjøpsavtala, og resultatet blei at vårt selskap fekk ein utvida rabatt på 5 %. Det blei avtalt at den utvida rabatten skulle få verknad på alle kjøp gjort etter 01.10.2010. Rabatt for allereie kjøpte varer blei kreditert og utbetalt i slutten av januar 2011.

Den nye avtala gjeld fram til 31.12.2011, og skal reforhandlast innan utløpet av året.

Daglig leiar meiner at ekstrarabatten som gjelder varer kjøpt i 2010 må inntektsførast som anna driftsinntekt i rekneskapet for 2010 i samsvar med oppteningsprinsippet.

- 2) Kva er din sakkyndige kommentar om rekneskapsmessig behandling av rabatten knytt til varekjøpet i 2010?
- 3) Korleis verkar den nye rabattavtala på verdsettinga av varelageret pr 31.12.2010?

